



«Stad kommune skal vere eit
livskraftig og trygt samfunn der
vi alle dreg i lag».

Samfunnsmål for Stad kommune

STAD 2020
Eid og Selje i ny kommune

NYTT / frå rådmannen / 19. juni 2018



No står sommaren for døra og dei fleste ser nok fram til nokre velfortente feriedagar både i kommuneorganisasjonane våre og i samfunnet elles. Prosjektet Stad 2020 har jobba på spreng for å vere i rute med eit nytt organisasjonskart frå 01.10.18. Vi sender no ut på høyring til kommuneorganisasjonane eit utkast til organisasjons- og leiarstruktur for Stad kommune. Fristen er sett til 21.08 og vi håper alle finn eit høve til å orientere seg i dette og evt gi ein uttale sjølv om det også skal avviklast ferie.

Mi oppgåve er å kome fram til ein organisasjonsmodell som tek i vare dei mål og strategiar som vi har sett for den nye kommunen. Notatet som no blir sendt på

høyring må sjåast i samanheng med prosjektplan for omstilingsprosjektet som skildrar korleis vi skal arbeide for å organisere nye avdelingar og kva prosessar og metodar vi skal nytte for å innplassere og tilsette leiarar og medarbeidarar i Stad kommune. Vi har som målsetjing at tilsette opplever at det har vore gjennomført ein god og ryddig prosess for å organisere nye avdelingar, tilsetje og innplassere tilsette i Stad kommune. Høyringsutkastet er eit ledd i det å informere og involvere dei tilsette i dette arbeidet.

Fellesnemnda har vedteke fire hovudstrategiar som er førande for arbeidet vårt, og som skal medverke til at vi når samfunnsmålet «Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag».

- Vi skal samskape – samordne og samarbeide
- Vi skal tilby heilskapleg og effektiv tenesteyting
- Vi skal bli fleire
- Vi skal vere nyskapande

Ein organisasjonsstruktur i seg sjølv kan ikkje løyse dette, men den kan vere med å støtte opp under arbeidet dersom vi er tydelege på kva vi ønskjer å lukkast med. Modellen som no ligg ute til høyring er eit resultat av politiske og administrative prosessar gjennom vinteren, og ikkje minst eit resultat av det avdelingar som blir direkte berørte har meint er viktig for dei.

Vi blir alle berørte av endringane då både avdelings/teneste- struktur og rammeområde er til drøfting. Det er difor ønskjeleg at alle tilsette får god informasjon om prosessen og blir gitt høve til å kome med innspel. Endringar i strukturar og ansvarsforhold er ein ting, men noko som er meir krevjande er å endre tankesett og arbeidsformer slik at vi som samla organisasjon klarer å setje innbyggjarane i sentrum for all vår verksemd. Dette krev at vi i større grad enn i dag klarer å arbeide fleirfagleg og tverrfagleg og nyttar dei rette ressursane i oppgåveløysinga.

Eg håper vi klarer å kome fram til ein tenleg organisasjons- og leiarstruktur som støttar opp om gode arbeidsdagar og gode tenester! Så eg ønskjer oss alle lukke til i denne prosessen!

Åslaug Krogsæter
Rådmann / programleiar for STAD 2020

